



Voss herad

KVALITETSSTANDARD OG TILDELINGSKRITERIA FOR HELSE- OG OMSORGSTENESTER

Samandrag

Voss herad vil med dette dokumentet gje innbyggjarane eit klårt og oversiktleg bilete av dei helse- og omsorgstenestene heradet tilbyr, og kva som ligg til grunn for tildeling av desse tenestene.

Heradet har ansvar for å sikre nødvendige helse- og omsorgstenester til alle som oppheld seg i heradet. Målet er å levera tenester av høg kvalitet, med vekt på førebygging, brukarmedverknad og samarbeid mellom kommunen, brukarar og pårørande.

Dette dokumentet gjev informasjon om:

- kva tenester som finst
- kven som kan få tenestene
- korleis du kan søkja
- kva forventningar Voss herad har til brukarar og pårørande

Kvalitetsstandardar og tildelingskriterium er forankra i lovverk, faglege retningslinjer og nasjonale føringar.

For å sikre kvalitet og kontinuerleg forbetring i tenestene, legg heradet vekt på systematiske tiltak som syter for at aktivitetane vert godt planlagde, organiserte, gjennomførte, vurderte og utvikla i takt med samfunnsendringane.

Tildelingskriteria skal sikre politisk forankring i helse og omsorg si prioritering og leggje til rette for ei rettferdig praktisering.



Innhald

Kvifor eigeninnsats er viktig.....	1
Tidleg førebuing gjev tryggleik	1
Tilrettelegging i heimen og arbeidsmiljø for tilsette.....	1
Pårørande er ein viktig ressurs	1
Korleis tenestene er organisert.....	2
Tillitsmodellen	2
Tildeling av tenester, frå søknad til vedtak.....	2
Kvalitet og kontinuerleg forbetring	2
Samspel med frivillige og nærmiljø	2
Innsatstrappa, trinn for trinn etter behov	3
Nivå 1–5: Frå lett støtte til omfattande hjelp	3
Kartlegging og vurdering	3
Lovpålagde og ikkje-lovpålagde tenester, kva betyr det i praksis	3
Lågterskeltenester, førebyggjande og tidleg innsats	5
Førebyggjande heimebesøk	5
Bustadtilskot for privatpersonar	5
Friskliv og meistring	5
Kirkens Bymisjon.....	5
Avdeling for psykisk helse og rusarbeid – gruppetilbod.....	6
Dagaktivitetstilbod for menneske med psykiske helseutfordringar	6
Kommunepsykologane.....	6
Aktivitets – og eldreløst	6
Fysioterapi.....	7
Heimerehabilitering	7
Ergoterapi og hjelpemiddel	7
Kreftkoordinator	8
Hukommelsesteam	8
Rask psykisk helsehjelp	8
Rådgevinge eining for russaker	8
TryggEst – førebygging av vald og overgrep mot vaksne	8
Søknadsprosessen	10
Søknadspliktige tenester - tildelt etter reglar om enkeltvedtak	11
Velferdsteknologi.....	11
Dagaktivitetstilbod for eldre	12
Dagaktivitetstilbod for menneske med nedsett funksjonsevne	13
Tilrettelagt dagaktivitetstilbod for personar med demens	14
Fylgjekort/Ledsagerbevis	15
Psykisk helseteneste.....	16
Miljøterapi rus.....	16
Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)	17
Personleg bistand – assistanse, opplæring og miljøarbeid	18
Kommunalt produksjonskjøkken	19
Praktisk bistand – Daglege gjeremål	19
Heimesjukepleie	21
Tidsavgrensa opphald i institusjon	22
Støttekontakt	24

Kommunalt akutt døgntilbod (KAD)	24
Døgnomsorgsbustadar (HDO-bustad)	25
Langtidsopphald i institusjon	26
Pårørandestøtte	28
Rettleiing og opplæring	28
Omsorgsstønad.....	29
Avlasting i og utanfor institusjon	30
Individuell plan	32
Barnebustad.....	32
Koordinator.....	33
Barnekoordinator.....	34
Rettsleg forankring	34

Kvifor eigeninnsats er viktig

Samfunnet er i endring, me lever lengre og fleire held seg friske og sjølvhjelpne i høg alder. Samstundes er det knappare tilgang på helse personell. Dette betyr at me alle må ta større ansvar for eiga helse og førebu oss på alderdommen.

Tidleg førebuing gjev tryggleik

Voss herad oppmodar alle innbyggjarane til å ta eit medvite val for eiga framtid og helse. Dette inneber å tenkje langsiktig i god tid før behova for hjelp melder seg. Eit viktig steg i denne prosessen er å bu i eigen bustad som er tilpassa heile livsløpet, slik at ein kan bu heime så lenge som mogleg, med god livskvalitet.

I tillegg finst det mange former for velferdsteknologi og praktiske løysingar som kan bidra til auka sjølvstende i kvardagen. Ved å ta i bruk slike løysingar kan ein i mange tilfelle møte eigne behov utan å måtte be om kommunale tenester. Dei fleste gler seg over fridomen ein har til å vere i rørsle; i heimen, som samfunnsdeltakar og ute i naturen. Alle ynskjer å leve sjølvstendige liv utan å vere avhengig av andre. Velferdsteknologi kan støtta tenestemottakar til trygging og å vere sjølvhjelpen, samt avlasta pårørande slik at tenestemottakar kan meistra å bu i eigen heim lengst mogleg. Velferdsteknologiske løysingar er eit viktig verktøy i møtet med framtida sine demografiske utfordringar. Men også i det helsefremjande arbeidet som eit av fleire verktøy for å drive førebygging.

Tilrettelegging i heimen og arbeidsmiljø for tilsette

Heradet har plikt til å sikre trygge arbeidsforhold for sine tilsette, også når dei arbeider i private heimar. Dette betyr at arbeidsmiljølova gjeld, for dei som skal ta i mot tenester i frå heradet er det viktig at arbeidsmiljøet for tilsette er ivareteke.

- å ha framkommeleg veg til bustad, sommar og vinter.
- å ha naudsynt utstyr tilgjengeleg
- å samarbeida med tenesteytarane for god tilrettelegging av hjelpemiddel i heimen.

Pårørande er ein viktig ressurs

Pårørande spelar ei sentral rolle i framtida sitt omsorgstilbod. Mange gjer alt mykje i dag, men meir samhandling mellom det offentlege og pårørande vil styrka tenestene. Voss herad har utarbeida ein pårørandestategi som forpliktar tenesteytar til samhandling. Gjennom samarbeid, open kommunikasjon og respekt for kvarandre sine roller, byggjer me eit berekraftig omsorgstilbod for framtida. Pårørande treng ikkje ta over pleie, men kan bidra med til dømes :

- praktiske hjelparar
- støttespelarar i kvardagen
- samarbeidspartnarar i dialog med kommunen
- Inngå pårørandeavtale i avklaringssamtale med tenesteytar

Korleis tenestene er organisert

Voss herad har valt å organisera helse- og omsorgstenestene sine i tråd med samfunnsutviklinga og dei skiftande behova til innbyggjarane. For å oppnå eit fleksibelt og brukarretta tenestetilbod, har heradet teke i bruk *Tillitsmodellen* som eit sentralt prinsipp for organisering, tenesteutforming og tildeling.

Tillitsmodellen

Tillitsmodellen handlar om å flytte fokus frå kontroll og detaljstyring til tillit, samarbeid og fagleg skjønn. Modellen inneber ei desentralisering av avgjerdsprosessar, der fagpersonar i fyrstelinja får auka ansvar og handlingsrom. Dette kjem til uttrykk gjennom sentrale element som at tverrfaglege team erstattar dei tradisjonelle avdelingsstrukturane. Desse teama samlar ulike faggrupper, som sjukepleiarar, ergoterapeutar, fysioterapeutar, sakshandsamarar og andre relevante profesjonar, som saman vurderer og fylgjer opp brukarane. Samarbeid mellom tilsette og brukar er ein kjerneverdi. Løysingane skal utviklast i dialog med den enkelte, og både brukar og pårørande skal oppleve å verta høyrde og inkluderte i prosessen. Myndiggjering av teama inneber at dei ikkje berre utfører vedtak, men også får fullmakt til å vurdere behov, tildele og justere tenester etter kvart som situasjonen til brukaren endrar seg. Dette fører til betre ressursutnytting, betre tilpassa tenester og større fleksibilitet i møte med individuelle behov.

Tildeling av tenester, frå søknad til vedtak

I Voss herad skjer tildelinga av helse- og omsorgstenester gjennom ein kombinasjon av fagleg vurdering og brukarmedverknad:

Individuell brukarmedverknad er sentral i kartlegginga av behov. Når ein person søker om tenester, vert det gjennomført ei heilskapleg kartlegging i dialog med brukaren og eventuelt pårørande. Dette gjev grunnlag for å forstå både medisinske, sosiale og praktiske behov.

Sakshandsamarar, områdeleiarar og fagpersonar samarbeider tett i vurderinga av søknadar. Vedtaka vert felles utforma, og det faglege skjønnnet til dei tilsette i teamet vert vektlagt. Dette sikrar kvalitet i avgjerdene, samtidig som det gjev dei tilsette høve til å bruke sin kompetanse aktivt i kvardagen.

Dynamisk tilpassing er eit viktig aspekt ved tillitsmodellen, tenestene er ikkje statiske. Teamet kan løpande tilpassa tenestene etter brukaren sin utvikling, utan å måtte gå vegen om nye vedtak eller omfattande sakshandsaming.



*Kva er viktig
for deg?*

Kvalitet og kontinuerleg forbetring

Alle tenester i Voss herad vert utvikla i tråd med forskrifta om leiling og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenestene. Det vert arbeidd kontinuerleg med å evaluere og forbetre tenestene, og tillitsmodellen gir ein god struktur for dette. Ved å byggja på tillit, ansvar og fagleg kompetanse, legg modellen til rette for ei kulturendring der medarbeidarar får rom til å tenkja heilskapleg, vere løysingsorienterte og ta initiativ.

Samspel med frivillige og nærmiljø

Ein viktig dimensjon ved helse- og omsorgstenestene i kommunen er samhandling med frivillige, næringsliv og andre partnarar. Dette styrkjer det lokale fellesskapet og kan bidra til eit meir berekraftig tenestetilbod, der offentlege tenester og sivilsamfunnet utfyller kvarandre.

Innsatstrappa, trinn for trinn etter behov

Voss herad nyttar prinsippet om beste effektive omsorgsnivå (**BEON**) for å tildela helse- og omsorgstenester. Det betyr at alle skal få den hjelpa dei treng, verken meir eller mindre, og at hjelpa skal gjevast på eit nivå som gjer det mogleg å bu heime så lenge som mogleg.

Behova kan variere mykje og nokre treng berre litt støtte, medan andre har store og samansette utfordringar. Tenestene vert difor organiserte i ei innsatstrapp med fem nivå:

Nivå 1–5: Frå lett støtte til omfattande hjelp

- **Nivå 1:** Lett førebyggjande støtte (t.d. kurs, velferdsteknologi, lågterskeltilbod)
- **Nivå 2:** Praktisk hjelp eller kortvarig oppfølging, støttekontakt, dagsenter.
- **Nivå 3:** Heimesjukepleie og meir omfattande heimebasert hjelp
- **Nivå 4:** Dagsenter, rehabilitering, brukarstyrt assistanse
- **Nivå 5:** Omsorgsbustad med døgnbemanning eller langtidsplass i institusjon


Kartlegging og vurdering

For å finne rett nivå nyttar sakshandsamar kartleggingsverktøyet **IPLOS/ADL**, som alle kommunar er pålagt å nytte. Dette gjev eit samla bilete av kva hjelp søkar treng. Tenestene vert tilpassa den enkelte sitt behov og kan endrast når situasjonen endrar seg. Trinna er dynamiske, ein kan flytte seg opp og ned i trappa, eller motta tenester i frå ulike trinn på same tid.

Til dømes kan ein eldre person som søker om plass i institusjon, i staden få tildelt ein kombinasjon av heimesjukepleie, praktisk bistand og dagsentertilbod, sjølv om ikkje alle desse tiltaka er lovpålagde i seg sjølve. Heradet vel i slike tilfelle å gje ei teneste som samla sett dekkjer behovet, og som samtidig er meir berekraftig både for brukaren og for tenesteapparatet. Rettar er ikkje alltid individfesta, og skjønnsmessige vurderingar er ein del av systemet.

Lovpålagde og ikkje-lovpålagde tenester, kva betyr det i praksis

I heradet si trapp av helse og omsorgstenester finn ein både lovpålagte og ikkje-lovpålagte tenester. Dette skiljet er viktig for å forstå kva heradet *må* tilby, og kva dei i tillegg *kan* tilby. For lovpålagte tenester har innbyggjarane som fyller kriterium, ein individuell rett til tenesta. Det vil sei at heradet ikkje kan avslå søknaden om ein person faktisk har behov som fell inn under det lova krev. For dei ikkje-lovpålagte tenestene står heradet meir fritt til å gje meir enn det som heradet er juridisk forplikta til å tilby, men som heradet vel å gje som eit supplement til dei lovpålagte tenestene, både i omfang og type. Heradet står fritt til å tilby slike tenester ut i frå lokale behov, politiske prioriteringar og tilgjengelege ressursar.



Lågterskeltenester, førebyggjande og tidleg innsats

Lågterskeltenester er tilbod som skal vere lett tilgjengelege for alle innbyggjarar utan søknad eller tilvising. Målet er å gje støtte og hjelp tidleg, før utfordringar veks seg store. Tilbodet er for innbyggjarar med lette eller moderate helseutfordringar og personar som ynskjer førebyggjande støtte, samtale, aktivitet eller rettleiing. Ingen søknad er nødvendig – du kan ta direkte kontakt. Tenestene er del av det samla tilbodet frå helse og omsorg i Voss herad.

Førebyggjande heimebesøk

Førebyggjande heimebesøk er ei oppsøkjande individretta råd- og rettleiingsteneste til heimebuande eldre. Tenesta inneber ein dialog med innbyggjar og skal bidra til auka kunnskap, meistring og redusera framtidig behov for helse- og omsorgstenester.

Innbyggjarar som fyller 80 år vil få tilbod om å delta på fellessamlingar og heimebesøk om det er ynskjeleg. Tema er råd og tips som kan kome til nytte for ein best mogleg alderdom. Tenesta er gratis.

Bustadtilskot for privatpersonar

Eldre og personar med nedsett funksjonsevne kan få tilpassa bustaden sin, slik at dei kan halda fram med å bu heime, og at husstandar med låg inntekt kan bli huseigarar.

Døme på tilpassingar kan vere å endra eller betra tilkomst til bustaden, tilpassingar eller ombygging av rom, samt arbeid/ombygging i samband med trappeheis. Tilskot kan kombinerast med støtte i frå Husbanken og tilskot frå hjelpemiddelsentralen (Nav). Helse- og omsorg tilbyr heimebesøk og kartlegging av tilpassing. Tenesta er gratis.

Friskliv og meistring

Friskliv - og meistring tilbod som kan hjelpa innbyggjar med å endra levevanar og meistre kvardagen. Ein treng ikkje tilvising frå lege, ein kan ta direkte kontakt.

Friskliv og meistring (kurs pr. jan.25)

- Belastningsmeistring for vaksne
- Depresjonsmeistringskurs for vaksne
- Bra mat for betre helse
- Kvardagsglede
- Sov godt
- Trygg trening
- Ute trening
- MediYoga
- Lungetrening

Det vert kravd eigenandel for fysioterapi etter statlege satsar og for dei temakursa som ein deltek på. Eigenandel for kursa er å finne på www.voss.herad.no, «Friskliv og meistring».

Kirkens Bymisjon

Kirkens bymisjon tilbyr ulike lågterskeltilbod for menneske i ulike livssituasjonar uavhengig av alder. Innbyggjarane kan ta direkte kontakt for å komme i kontakt med tenesta på tlf : 55215095 ,
Besøksadresse : Bonangergata 12, 5700 Voss.

Avdeling for psykisk helse og rusarbeid – gruppetilbod

Tenestene er for personar over 16 år med psykiske helseutfordringar som treng fellesskap og aktivitet og for deira pårørande. Tilboda er dynamiske og tilpassa deltakarar til ein kvar tid. Tilboda vert annonsert på Voss herad si internett side. Tilboda er gratis.

Desse gruppetilboda vert tilbode pr. januar 2025:

- Treningsgruppa psykisk helse
- Treningsgruppa for rusavhengige
- Karatreff
- Ungdomsgruppa
- Psykisk helse - Pårørande
- Pårørande til rusavhengige

Dagaktivitetstilbod for menneske med psykiske helseutfordringar

Oasen er eit dagaktivitetstilbod for innbyggjarar som har psykiske helseutfordringar og som ynskjer å delta i sosial aktivitet i samvær med andre i ei trygg og kjend ramme. Ein kan møte direkte utan avtale, Oasen er ope fem dagar i veka. Tilbodet er gratis.

Kommunepsykologane

Kommunepsykologane sitt kliniske lågterskeltilbod er meint å vere kortvarig tilbod til personar med milde til moderate psykiske plager og lidingar. Dei har kurstilbod i samarbeid med Friskliv og meistring. For å verte henvist til kommunepsykologane må søkar ta kontakt med fastlegen eller helsestasjonen.

Aktivitets – og eldreløst

Desse tenestene gjev støtte og hjelp til å kome i gang med sosiale eller fysiske aktivitetar. Målet er å bidra til deltaking, meistring og trivsel i kvardagen for både born og eldre. Det er støttekontaktkoordinator som avgjer om ein får tildelt aktivitetslos. Avgjersla vert teke ut i frå formål og tenesta sin kapasitet. Alle kan ta kontakt med støttekontaktkoordinator for å få vurdert om aktivitetslos eller eldreløst er aktuelt. Dersom støttekontaktkoordinator vurderer at tenestemottakar kan nytte seg av eit lågterskeltilbod som aktivitetslos eller eldreløst, vil dette verte eit moment i vurderinga av søknadar om støttekontakt. Tilbodet er gratis

Aktivitetslos – for born og unge (6–16 år)

Ein aktivitetslos er ein trygg og støttande person som hjelper born med:

- å starte med fritidsaktivitetar
- å bli kjent i nye miljø
- å finne sosialt fellesskap

Eldreløst – for personar over 65 år

Eldreløst har same funksjon som aktivitetslos, men er retta mot eldre som ønskjer støtte til å kome i gang med sosial deltaking eller aktivitetar.

Varigheit: Aktivitetslos og eldreløst kan tildelast i inntil 3 månader

Fysioterapi

Fysioterapi og rehabiliteringstenester bidreg til betre funksjon, førebygging og meistring for personar i alle aldrar. Fysioterapeutane arbeider på tvers av kommunalavdelingar og behandlinga er basert på kunnskap om kropp, bevegelse og funksjon. Aktuelle tiltak vert sett i verk ut i frå ei klinisk undersøking. Alle kan ta kontakt med heradet si fysioterapiteneste. Fysioterapeutar i Voss herad arbeider førebyggjande og behandlande, og hjelper deg som:

- har skada deg
- har utfordringar med bevegelse, rørsle eller balanse
- har behov for opptrening eller behandling etter sjukdom

Nokre fysioterapeuter er kommunalt tilsette, og jobbar i heimar og institusjonar, andre har driftstilskot og jobbar ved private institutt.

Klarer du sjølv å komme deg til fysioterapeut skal du ta kontakt med dei fysioterapeutane som har driftstilskot. Dei driv eigne institutt. Treng du oppfølging i heimen eller på institusjon skal du kontakte dei kommunalt tilsette fysioterapeutene. Betaling er lik om det er kommunale fysioterapeutar eller fysioterapeutar med driftstilskot

Heimerehabilitering

Heimerehabilitering er eit tilbod til deg som vil trenast deg opp att heime etter sjukdom, skade eller funksjonsfall. Tilbodet er retta mot tenestemottakarar som er motivert til trening for å gjenvinna funksjonar. Innbyggjarar som vender seg til helse og omsorg for å søkja om praktisk eller personleg hjelp eller andre tiltak vil verta vurdert som kandidat for heimerehabilitering. Tilbodet er også for tenestemottakarar som har hatt eit opphald på rehabiliteringsavdelinga og er i behov for forlenging av tverrfagleg rehabilitering i heimen i ein kortare periode etter at dei er komme heim.

Tenestemottakarar betalar eigenandel etter statlege satsar for fysioterapi.

Eigenandel og andre prisar vert vedteke årleg av heradsstyret etter [Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester](#).

Ergoterapi og hjelpemiddel

Ergoterapitenesta i Voss herad er tilgjengeleg for innbyggjarar i alle aldrar, og skal bidra til at personar med nedsett funksjonsevne kan meistre daglege aktivitetar og bu trygt og sjølvstendig i eigen heim. Ergoterapeutane har brei kompetanse innan tilpassing av bustad, vurdering av hjelpemiddel, opplæring i kvardagsaktivitetar og rettleiing. Kommunen har også spesialkompetanse innan syn og høyrsel, gjennom samarbeid med SAPT (Syns- og audiopedagogisk teneste i Bergen). Du treng ikkje søknad eller tilvising for å få hjelp frå ergoterapeut, det er berre å ta direkte kontakt. Tilbodet er gratis.

Dersom du treng hjelpemiddel, kan kommunen låna ut utstyr frå hjelpemiddellageret. Der finst eit variert utval, og lageret tilbyr òg reparasjon og henting eller levering ved behov. Så langt det er mogleg, bør ein hente utstyret sjølv. Heradet kan køyre ut hjelpemiddel mot betaling, og satsane vert vedteke årleg av heradsstyret.

Kontaktinformasjon: Hjelpemiddellageret er ope for publikum på tysdag og torsdag, mellom kl. 08.00-15.00 eller på e-post hjelpemiddel@voss.herad.no

Kreftkoordinator

Voss herad har ein eigen kreftkoordinator som kan vere ein støttespelar for deg som har kreft, eller for dine pårørande. Koordinatoren samarbeider på tvers av avdelingar, og kan tilby samtalar, rettleiing og hjelp til å finne fram i helsevesenet – frå diagnose til behandling, rehabilitering og lindrande omsorg.

Tenesta er òg ein viktig del av oppfølginga etter sjukehusopphald, til dømes for pasientar som er utskrivne frå pakkeforløpet "Heilt heim". Kreftkoordinatoren kan i tillegg vise vidare til aktivitetar, kurs og støttegrupper. Du treng ikkje tilvising, og tilbodet er gratis.

Kontaktinformasjon: E-post: kreftkoordinator@voss.herad.no

Tlf: **992 07 129** (mån-fre kl. 07.30 - 15:00)

Biblioteket Voss kulturhus: Annakvar veke , partalsveker i frå kl. 13 – 15.

Hukommelsesteam

Dersom du sjølv, eller ein av dine næraste, opplever symptom på demens eller kognitiv svikt, kan hukommelsesteamet i Voss herad hjelpe. Teamet består av fagpersonar med spesialkompetanse innan demens, og tilbyr kartlegging, samtalar og oppfølging både for personar med diagnose og dei som er i ein utgreiingsfase. Teamet samarbeider med fastlege, heimeatenester, spesialisthelsetenesta og dagtilbod, og er lett tilgjengeleg for rådgjeving. Du treng ikkje søknad eller legeerklæring – alle kan ta direkte kontakt. Tilbodet er gratis.

Kontaktinformasjon:

Hukommelsesteamet kan kontaktast måndag- , tysdag- , torsdag og, fredag kl. 09.00-14.00 onsdag kl. 16.00-20.00. Demenskoordinator tlf. 918 74 206, Ergoterapeut tlf. 41704912, Sjukepleiar tlf. 4186 3049

Rask psykisk helsehjelp

Dersom du opplever lettare former for angst, depresjon eller livskriser, kan du få rask psykisk helsehjelp frå Voss herad. Tilbodet er basert på kognitiv terapi og rettleiing til sjølvhjelp, og vert gjeve av fagpersonar med relevant kompetanse.

Dette er eit lågtterskeltilbod for personar over 16 år. Du treng ikkje tilvising frå lege – det er berre å ta direkte kontakt. Tilbodet er gratis og tilpassa deg som ynskjer hjelp tidleg, før problema veks seg større.

Rådgjevande eining for russaker

Denne eininga har spesialkompetanse innan førebygging og oppfølging av rusrelaterte utfordringar. Personar som har fått pålegg frå politiet om samtale eller rustesting, vert kalla inn av eininga, og har plikt til å møte. Eininga kan òg tilby vidare helsehjelp og individuell oppfølging for dei som ynskjer det. Arbeidet skjer i nært samarbeid med politiet på Voss og følgjer eigne faglege retningslinjer

Kontaktinformasjon:

psykisk helse og rusarbeid: 480 14 570

TryggEst – førebygging av vald og overgrep mot vaksne

TryggEst er ei tverrfagleg gruppe i Voss herad som arbeider for å førebyggje, oppdage og følgje opp vald og overgrep mot vaksne. Tenesta er for alle som:

- sjølv er utsette for vald, tvang, truslar eller overgrep
- kjenner uro for at nokon i nærmiljøet vert utsett for slikt

Innbyggjarane kan ta kontakt anonymt, og alle meldingar vert tenke på alvor og vurderte fortløpande. TryggEst-gruppa har teieplikt og gir støtte og rettleiing både til den som er utsett og til pårørande eller bekymra medmenneske.

Tenesta er tilgjengeleg måndag til fredag mellom kl. 09.00 og 15.00. Du kan ta kontakt på telefon: 476 78 465.

Søknadsprosessen

Forvaltningslova sine reglar gjeld etter helse- og omsorgstenesteloven § 2-2 som avgjer at Forvaltningslova skal gjelda for kommunen sine helse- og omsorgstenester. Forvaltningslova sin alminnelege del (kapittel I-III) inneheld blant anna reglar om habilitet, rettleiingsplikt og teieplikt. Reglane skal sikre at partane kan ha tillit til forvaltninga si sakshandsaming, og at avgjersler vert teke på rett grunnlag. Også pasient- og brukerrettighetslova har reglar som er sentrale i sakshandsaminga. For tenester etter helse- og omsorgstenesteloven §§ 3-2 fyrste ledd nr. 6, 3-6, og 3-8 gjeld forvaltningslova sine reglar om enkeltvedtak jf. pasient- og brukerrettighetslova § 2-7 andre ledd.



- 1 **Søknad:** Du fyller ut ein skriftleg søknad om tenester. Forvaltningseininga eller tenesteytar kan bistå innbyggjar med å fylle ut søknad dersom ein treng bistand. Ein kan søkja digitalt på Voss herad si heimeside eller pr. post. Søkjer ein for andre enn seg sjølv må fullmakt leggjast ved i søknaden.
- 2 **Vurdering:** Søkjarar får tilbod om kartlegging innan fire veker etter motteken søknad. Dersom innbyggjar ikkje får svar innan fire veker, vil innbyggjar få tilsendt eit foreløpig svar om når ein kan forvente at søknaden vert svara ut.
- 3 **Avgjersle:** Vedtaket kan verte innvilga, delvis innvilga eller avslått. Eit innvilga vedtak skildrar at søkjar fyller vilkåra for den aktuelle tenesta, i kva omfang og i kva tidsperiode tenesta vil verte ytt. Vedtaket er tidsavgrensa, og når vedtaket går ut vert det gjort ei ny vurdering i saka. Innbyggjaren kan verte beden om å fremme ny søknad. Alle søknader vert individuelt vurdert. Dersom innbyggjar får avslått sin søknad vil grunngjevinga liggje ved i vedtaket.
- 4 **Klage:** Vedtak fatta etter helse- og omsorgstenesteloven kan påklagast. Klagefristen er 4 veker frå vedtaket er motteken i samsvar med pasient- og brukerrettighetslova §§ 7-2 - 7-5 for lovpålagte tenester, og 3 veker for ikkje lovpålagte tenester jf. forvaltningslova §§ 28 - 32. Klageinstansen knytt til ikkje lovpålagte tenester er kommunalt klageorgan. Klagen skal sendast til Forvaltningskontoret sitt postmottak for registrering. I dei tilfelle der Statsforvaltaren i Vestland er klageinstans skal klager som ikkje vert gjeve medhald av Voss herad eller vert gjeve delvis medhald, verta sendt til Statsforvaltaren i Vestland med alle dokumenta som er tilhøyrande i saka. Statsforvaltaren kan overprøve alle sider ved vedtaka.

Søknadspliktige tenester - tildelt etter reglar om enkeltvedtak

Velferdsteknologi

Helse og omsorg tilbyr ulike teknologiske løysingar og arbeider målretta for å implementere velferdsteknologi og innovative hjelpemiddel som fører til at fleire tenestemottakarar kan få leve sine aktive og sjølvstendige liv.

Lovheimel

Tenesta er ikkje lovpålagt. Velferdsteknologiske løysingar kan inngå som ein del av det totale bistandstilbodet. Dersom tenesta er tildelt som naudsynt helsehjelp kan det heimlast i helse- og omsorgstenestelova § 3-2, nr. 6 bokstav a.

Klageheimel

Forvaltningslova § 28

Pasient- og brukerrettighetsloven §§ 7-2 i det fylgjande.

Målgruppe

Tenestemottakarar som grunna helseutfordringar og/eller funksjonsnedsetting er i behov av tryggingstiltak for å oppleve at det er trygt å bu i eigen heim.

Tenestemottakarar som kan styrkja si evne til å klara seg sjølv i kvardagen, trass i psykisk eller fysisk nedsett funksjonsevne.

Pårørande som har behov for avlastande tiltak i omsorgsarbeidet som dei utfører for sine nærstående.

Kriteria for innvilga søknad

Tenestemottakar eller påørande som kan nytte seg av verktøyet.

Velferdsteknologiske løysingar vert tildelt personar med ulik grad av funksjonssvikt, fysisk og/eller kognitivt.

Velferdsteknologiske løysingar kan tildelast som støttetiltak retta mot påørande for å avlaste deira omsorgsarbeid.

Velferdsteknologiske løysingar til personar som er vurdert til ikkje å vere samtykkekompetent i avgjersla, er regulert av eit gitt regleverk og andre etiske føringar.

Betaling og praktisk informasjon

Dersom tenesta er definert som helsehjelp er den gratis. Eigenandel på velferdsteknologi vert vedteke årleg av Heradsstyret etter [Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester](#).

Tryggleiksalarm

Dersom tenestemottakar er i ein akuttsituasjon kan tenestemottakar kunne tilkalla hjelp gjennom heile døgnet ved å trykkja på tryggleiksalarmen. Heimetenesta og eventuelt også påørande vil verta varsla.

Tryggleiksalarmen er til bruk innandørs i eigen bustad.

Lokaliseringsteknologi

Lokaliseringsklokka gjev beskjed om kvar tenestemottakar er til påørande eller anna helsepersonell. Det er mogleg å setja opp elektroniske «gjerder» som varslar når

tenestemottakar beveger seg utanfor ei gitt sone. Teknologien opnar for to-vegs kommunikasjon.

Elektronisk dørlås

Elektronisk dørlås er ein lås som gjev heimetenesta moglegheit til å låse seg inn i bustaden utan nøkkel dersom det oppstår ein akutt situasjon. Det vert krevje ein eingongssum for installering av elektronisk dørlås.

Elektronisk medisineringsstøtte

Ein automatisk medisindispenser hjelper tenestemottakar med å ta rett medisin til rett tid. Den varslar med lyd og lysblink når medisinar skal takast. Heimesjukepleia eller familien vil få SMS- varsel dersom medisinen ikkje vert tatt.

Dørsensor

Sensor montert i dørkarmen som varslar dersom tenestemottakar opnar døra. sensoren kan tidsinstillast. Varslinga går til helsepersonell.

RoomMate

RoomMate gjer det mogleg for helsepersonell å få varsel knytt til stemmestyrvarsling, rørsler eller dei kan utføre tilsyn i bustaden til tenestemottakar. RoomMate er fastmontert øvst på vegg i rommet og sender varsel i ulike situasjonar utan at brukaren treng å trykke på ein knapp eller bere anna utstyr på kroppen.

Sengesensor /Fallsensor

Sengesensor og fallsensor varslar dersom ein beveger seg ut av det området sensoren skal sende varsele om, til dømes at vedkommande går ut av senga.

Dagaktivitetstilbod for eldre

Vetleflaten omsorgssenter, Granvin sjukeheim og Vossestrand Omsorgstun har dagaktivitetstilbod for eldre heimebuande. Dagaktivitetstilboda tilbyr ulike aktivitetar som stimulerer til trening, meistring og sosiale opplevingar.

Lovheimel

Det er ikkje ei lovpålagt teneste, men tenesta inngår som ein del av tenestetilbodet for personar som treng særskild tilrettelegging og førebygging grunna sin helsetilstand. Dagaktivitetstilbudet er eit ledd i å fylle heradet sitt ansvar etter helse og omsorgstenetsloven § 3-3, 3.ledd.

Klageheimel

Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker § 28, kommunalt klageorgan behandlar saka.

Målgruppe

Eldre som kjenner på einsemd og ikkje meistar å oppsøke sosiale arenaer på eigenhand.

	Eldre som ynskjer aktivisering, oppretthalde funksjoner og rehabilitering ved å delta på gruppetrening med styrke- og balanseøvingar.
Kriteria for innvilga søknad	Eldre som bur i eigen heim og som grunna helsemessige årsaker ikkje kan delta på aktivitetar og sosiale arenaer utan støtte og bistand. Meistrar å vere i eit ope dagsenter og ikkje har behov for skjerming Eldre som ynskjer å førebyggje, styrke og vedlikehalde sin helsesituasjon.
Betaling og praktisk informasjon	Heradet tek betalt etter forskrift om eigenbetaling for helse og omsorgstenester. Nivået for betaling vert fastsett av heradsstyret årleg. Tenestemottakar får tilbod om mat og oppfølging til ernæring under opphaldet. Tenestemottakar må rekne med å organisere skyss til og frå tilbodet sjølv. Heradet kan i nokre tilfelle stille med skyss. Vurderingar vert gjort ut i frå køyrelister og kapasitet. Behovet for dagaktivitetstilbod vert vurdert ut i frå kapasitet og samansetting i brukargruppa. Ved mangel på plass kan søkjar verta sett på venteliste.

Dagaktivitetstilbod for menneske med nedsett funksjonsevne

Nyhagen aktivitetstilbod for menneske med funksjonsvariasjonar som ikkje er i ordinært arbeid og som ynskjer å ha eit aktivitetstilbod på dagtid.

Kommunalt tilrettelagt aktivitetsplass (KTA) vert vurdert til tenestemottakarar som ikkje fyller vilkåra for å få tildelt varig tilrettelagt arbeid (VTA) plass gjennom NAV.

Lovheimel	Aktivitetstilbodet er ikkje ei lovpålagt teneste. Eit aktivitetstilbodet kan likevel for nokon verte vurdert som ei naudsynt helse- og omsorgsteneste etter pasient og brukerrettighetsloven § 2-1 a andre ledd jf. Hol. § 3-2 fyrste ledd nr. 6 bokstav b.
Klageheimel	Lov om pasient- og brukerrettigheter §§ 7-2, 7-3, 7-5 og 7-7.
Målgruppe	Innbyggjarar over 18 år som har medfødt eller tidleg erverva varig funksjonsnedsetjingar som ikkje kan vere i ordinært arbeid og treng støtte i aktivitetar.
Kriteria for innvilga søknad	Det føreligg eit behov for bistand til å utføre praktiske og personlege kvardagslege gjeremål.

	Tenestemottakar fyller ikkje vilkåra for å få tildelt VTA plass gjennom NAV. Tenestemottakar har ikkje anna tilbod om sosial aktivitet eller arbeid i regi av kommunalavdelinga.
Betaling og praktisk informasjon	Tilbodet er gratis. Dagaktivitetssenteret er bemanna frå klokka 08:00 til 15:30 med kjernetid mellom 09:00 og 15:00. KTA tilbodet er individuelt tilpassa den enkelte. Transport til og frå dagaktivitetstilbod er ikkje ein del av tenesta og tenestemottakar må difor syte for transport sjølv. For dei som bur i kommunale omsorgsbustader med heildøgnsbemanning kan det organiserast felles transport. Dette vert organisert avdelingsvis.

Tilrettelagt dagaktivitetstilbod for personar med demens

Dagaktivitetstilbodet er tilrettelagt for personar som har demens diagnose. Tilbodet tilbyr sosialt samvær i trygge omgjevnader og tilbyr tenestemottakar faste rutinar i kvardagen, samt avlasting for pårørande.	
Lovheimel	Helse og omsorgstjenesteloven § 3.2 nr.7. Dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens. Pasient og brukarrettighetslova § 2-1a andre ledd.
Klageheimel	Pasient- og brukarrettighetsloven § 7-2.
Målgruppe	Tilbodet er for personar som har ein kognitiv svikt eller ein demensdiagnose som har behov for dagaktivitet og sosialt samvær i trygge omgjevnader med faste rutinar i kvardagen. Tilbodet er også retta mot pårørande som står i ein særleg tyngjande omsorgssituasjon og er i behov av avlasting.
Kriteria for innvilga søknad	Tenestemottakar er under utgreiing for eller har ein demensdiagnose. Tenestemottakar og pårørande som fyller vilkår i lov om retten til pårørandestøtte i form av avlasting. Tenestemottakar bur i eigen heim. Tenestemottakar kan ikkje vere i behov av einarom til kvile eller skjerming.
Betaling og praktisk informasjon	Tenestemottakar betalar eigenandel. Nivået på eigenandel vert vedteke årleg av Heradsstyret etter <u>Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester</u>. Faktura vert sendt ut ein gong i månaden. Tilbodet er ope på dag - og ettermiddag, måndag til fredag.

Tenestemottakar får tilbod om mat og anna oppfylging til ernæring under opphaldet.

Dersom vedtak om plass, vil heradet vurdere om helse og omsorg skal gje tilbod om skyss til og frå aktivitetstilbodet. Det fylgjer personell med i bilar som hentar tenestemottakar.

Dagaktivitetstilbod som ikkje vert nytta over tid vil verta avslutta etter gjeldande reglar i forvaltninga.

Ved manglande kapasitet kan søkjar verta sett på venteliste og eventuelt få tildelt andre kompenserande tenester om nødvendig.

Fylgjekort/Ledsagerbevis

Fylgjekort gjev fritt tilgjenge eller redusert pris for ein person som opptrer som støttefylgje for den som treng bistand til ulike kultur- og fritidsarrangement, samt til ein del offentlege transportmiddel. Kortet gjeld også i andre kommunar som har ordninga. Arrangørane til tilstellingane avgjer om fylgjekort kan nyttast.

Lovheimel	Fylgjekort er ikkje ei lovpålagt teneste. Det er opp til den enkelte kommune å bestemme om kommunen skal ha tilbod.
Klageheimel	Forvaltningsloven § 28
Målgruppe	Tenestemottakar som grunna sjukdom eller funksjonsnedsetting er i behov for bistand for å kunne delta på kulturelle og sosiale arenaer. Tilbodet er retta mot aktivitet og sosialisering.
Kriteria for innvilga søknad	Fylgjekort vert tildelt uavhengig av søkjar sin økonomi eller livssituasjon, og det er inga øvre aldersgrense for å få utskrive eit fylgjekort. Dersom det vert søkt fylgjekort for born med alder som tilseier at dei grunna alder måtte hatt følgje uansett, vert søknaden vurdert avslått. Personar som har ei fysisk eller psykisk funksjonshemming av langvarig karakter, bekrefta med ei legeerklæring av helsesituasjon. Tenestemottakar har fysisk eller psykisk funksjonsnedsetting med trong for bistand til å gjennomføre kvardagslege aktivitetar.
Betaling og praktisk informasjon	Tenestemottakarar må sjølve orientere seg om kvar einskild aktør aksepterer fylgjekort. Fylgjekortet vert gjeve for ei avgrensa tid, det må difor leggjast fram ny søknad og dokumentasjon ved utløpsdato. Dersom det vert innvilga fylgjekort, vert ein beden om å levere inn eit passbilete som skal nyttast på kortet.

Psykisk helseteneste

Avdeling psykisk helse og rusarbeid yter helsetenester til tenestemottakarar med lette, moderate til alvorlege psykiske helseutfordringar. I mange tilfelle i samarbeid med spesialisthelsetenesta. Tenesta kan ystast i og utanfor heimen. Den individuelle oppfylginga skal bidra til at tenestemottakar som har eit funksjonstap på grunn av psykiske helseproblem, skal oppleve kvardagsmeistering.

Lovheimel	Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1a andre ledd. Helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav a.
Klageheimel	Pasient- og brukerrettighetsloven § 7-2 i det følgjande.
Målgruppe	Tenestemottakar som har psykiske helseutfordringar
Kriteria for innvilga søknad	Søklar må vere over 16 år. Tenestemottakarar som er i behov av koordinator og/eller individuell plan. Tenestemottakar som ikkje meistrar kvardagslege aktivitetar og gjeremål grunna si psykiske helse. Tenestemottakar som opplever vesentleg funksjonsfall i forhold til daglegliv, jobb, skule og sosiale liv grunna si psykisk helse. Tenestemottakar som har ein helsetilstand som medfører behov for helse og omsorgstenester ytt i heimen. Tenestemottakar som har ei målsetting om endring i forhold til helse. Tenestemottakar skal ynskja hjelp og vera villig til å ha kontakt med tenesta.
Betaling og praktisk informasjon	Tenesta er gratis

Miljøterapi rus

Miljøterapi rus er ei fagleg tilnærming til rusførebyggjande arbeid for tenestemottakar som har utfordringar i kvardagen knytt opp mot bruk av legale eller illegale rusmiddel. Miljøarbeidet tek utgangspunktet i tenestemottakaren sin ståstad i psykososiale forhold og deira ressursar på deira arena. Hovudmålet er å hjelpe personar med rusproblematikk til å leve eit rusfritt liv og hjelp til betre livskvalitet.

Lovheimel	Helse- og omsorgstenesteloven § 3-2, 1.ledd nr.6 bokstav b.
Praktisk og personleg bistand	
Klageheimel	Pasient- og brukerrettighetsloven § 7-2

Målgruppe	Tenestemottakar som har behov for støtteoppfølging eller koordinering av møter med lege, spesialisthelsetenesta, Nav m.m. Tenestemottakar som treng bistand, målretta tiltak og støtte til å handtere rusutfordringar. Tenestemottakar som er under legemiddelassistert rehabilitering (LAR) eller anna nedtrappingsplan for opphøyr av rusmiddel. Tenestemottakar eller pårørande som er i behov av råd og rettleiing kring helserelaterte fylgjer av rusutfordringar. Ettervern for rusavhengigheit er ein viktig del av behandlingsprosessen for personar som har gjennomført behandling for rusmiddelavhengigheit, og målet er å bistå å oppretthalde rusfridom og eit tilpassa liv utan rusmiddel.
Kriteria for innvilga søknad	Søkjar må være over 16 år Tenestemottakar skal ynskja hjelp og vera villig til å ha kontakt med tenesta.
Betaling og praktisk informasjon	Tenesta er gratis.

Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)

Brukarstyrt organisering av tenestene personleg assistanse, praktisk bistand, opplæring og støttekontakt. Det er ein alternativ måte å organisere tenestene på for personar med nedsett funksjonsevne som er heilt eller delvis avhengig av praktisk og/eller personleg bistand for å meistre sine gjere mål, både i og utanfor heimen.

Lovheimel	Helse- og omsorgstenesteloven § 3-2, første ledd nr.6 bokstav b, helse- og omsorgstenesteloven § 3-8, pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 bokstav a og d. Rundskriv I-20/2000, Rundskriv I-9/2015
Klageheimel	Pasient- og brukerrettighetsloven § 7-2
Målgruppe	BPA er retta mot tenestemottakar som har eit langvarig og omfattande behov for praktisk og personleg assistanse og som ynskjer å styre eigen assistanseordning.
Kriteria for innvilga søknad	Søkjar er under 67 år. Bistandsbehovet må vere av ein langvarig og omfattande karakter. Der behovet er utmålt til å vere mellom 25 - 32 timer per veke kan heradet velge å organisere tilbodet på anna måte

	dersom ein kan dokumentere at slik organisering av tenesta vil medføre auka kostnader for heradet. Tenestemottakar må ta på seg ansvaret for å vere arbeidsleiar eller det må vere peika på ein medarbeidsleiar. Denne oppgåva er ikkje å rekne inn i utmålt vedtak og er ikkje ei løna oppgåve. Medarbeidsleiarrolla må ivaretakast av nokon som kjenner tenestemottakar godt. Rettigheita omfattar i utgangspunktet ikkje helsetenester. Retten omfattar ikkje tenester som krev meir enn ein tenesteytar til stades eller nattenester, med mindre tenestemottakar har kontinuerleg behov for tenester på natt.
Betaling og praktisk informasjon	Det betalast eigenandel for den del av tenesta som knyter seg til praktisk bistand, heimehjelp. Det vert sendt ut faktura på etterskot kvar månad. Arbeidsleiar/medarbeidsleiar må forhalda seg til vedtaket sine rammer, heradet sin arbeidsleiaravtale og gjeldande lov- og avtaleverk. Det vert inngått kontrakt mellom partane. Voss herad er arbeidsgjevar og er ansvarleg for tenestene. Heradet har konsesjonsavtale med aktuelle BPA-leverandørar. Det er opp til heradet å ta stilling til om ordninga skal vere i privat eller i offentleg regi. Heradet fylgjer tilrådinga om at nære pårørande ikkje skal vere tilsett som personleg assistentar, utan særleg avtale inngått med Forvaltningskontoret.

Personleg bistand – assistanse, opplæring og miljøarbeid

Tenestemottakar kan motta assistanse til å ivareta grunnleggjande eigenomsorgsoppgåver, samt opplæring og rettleiing i dagleglivet sine gjeremål og/eller støtte i sine sosiale ferdigheiter. Saman med tenestemottakar vert det avklart kva oppgåver tenesteutøvar skal utføre og kva tenestemottakar treng av opplæring og støtte for å verte i stand til å utføre oppgåva sjølv. Tenesta skal fremja læring, meistring og auka sjølvstende. Hjelpa skal tilpassast i samarbeid med tenestemottakar.

Lovheimel	Pasient- og brukarrettighetsloven § 2-1a, helse- og omsorgstjenesteloven nr. 6 bokstav b.
Klageheimel	Pasient- og brukarrettighetsloven §§ 7-2, 7-3, 7-5 og 7-7.
Målgruppe	Tenestemottakar som har behov for praktisk og personleg assistanse for å kunne ivareta grunnleggjande eigenomsorgsoppgåver. Med personleg stell og eigenomsorg er meint hjelp til å stå opp og legge seg, personleg hygiene, toalettbesøk, hjelp til å kle av og på seg, hjelp til å ete, nødvendig tilsyn.

	Tenestemottakarar som ved støtte, opplæring og rettleiing kan setjast i stand til å ivareta oppgåva sjølv.
Kriteria for innvilga søknad	Tenestemottakar bur i eigen bustad og er over 18 år. I vurderinga vert det teke stilling til medisinske diagnosar og opplæringspotensial, evna til eigenomsorg og eigeninnsats.
Betaling og praktisk informasjon	Tenesta er gratis.

Kommunalt produksjonskjøkken

Middag frå det kommunale kjøkkenet er ei teneste som vert tildelt til tenestemottakarar som treng oppfylgning til ernæring. Dersom tenestemottakar ikkje er i stand til å ivareta eige ernæringsbehov som følgje av sjukdom eller funksjonssvikt kan dei få hjelp frå heimetenesta til levering av middag etter kok -kjøl metoden.

Lovheimel	Tenesta vert tildelt etter helse- og omsorgstenesteloven § 3-2, første ledd nr.6 bokstav a, oppfylgjing av ernæring.
Klageheimel	Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker §§ 28, eventuelt pasrl. Kapittel 7.
Målgruppe	Heimebuande som har utvida ernæringsproblematikk grunna fysisk, psykisk eller sosial funksjonsnedsetting og som ikkje er i stand til å ivareta eige ernæringsbehov. Tenestemottakarar som bur i institusjon eller omsorgsbustad tilknytt døgnbemanning.
Kriteria for innvilga søknad	Heimetenesta har utført ei ernæringsscreening som tilseier at mat som er laga av produksjonskjøkkenet er å rekna som tiltak i ernæringsoppfølginga. Tenestemottakar bur i institusjon eller tilsvarende omsorgsbustad tilknytt døgnbemanning.
Betaling og praktisk informasjon	Faktura vert sendt på etterskot kvar månad. Prisar vert vedteke av heradsstyret årleg. Det vert levert kald middag. Tenestemottakar må ha mikrobølgeovn til førebuing av måltid.

Praktisk bistand – Daglege gjeremål

Praktisk bistand heimehjelp er ei teneste som vert utført i heimen med formål om å ivareta kvardagslege gjeremål knytt til hushald. Tenesta utfører hjelp til nødvendig

reinhold av dei rom som er i dagleg bruk samt bistand til å organisere handling og innkjøp av daglegvarer.

Lovheimel	Pasient -og brukerrettighetsloven § 2-1a andre ledd Helse og omsorgstjenesteloven § 3-2 fyrste ledd nr.6 bokstav b.
Klageheimel	Lov om pasient- og brukerrettigheter §§ 7-2, 7-3, 7-5 og 7-7.
Målgruppe	Tenestemottakar som sjølv ikkje kan utføre kvardagslege gjeremål og er heilt eller delvis avhengig av hjelp i frå andre for å utføre til hushaldsoppgåver grunna sjukdom eller funksjonsnedsetting. Tenestemottakar som kan klare seg i eigen bustad med nødvendig tilpassa hjelp.
Kriteria for innvilga søknad	Tenestemottakar klarar ikkje sjølv å ivareta dagleglivet sine gjeremål grunna nedsett funksjonsnivå. Tenesteytar utfører nødvendige oppgåver ut i frå tenesta sin kvalitetsstandard. Bistanden vert individuelt tilpassa i forhold til omfang, ressursinstans og tidsbruk. Ordninga er behovsprøvd og vedtaka er tidsavgrensa. Tenestemottakar må vere over 18 år og bu i eigen bustad. Dersom tenestemottakar bur saman med andre husstandsmedlemmer, vert det gjort ei heilskapsvurdering av husstanden sin situasjon. Innvilga heimehjelp kan opphøyra heilt eller delvis dersom besøkjande oppheld seg hjå brukar over tid og kan utføre arbeidet. Besøkjande lyt vaske etter seg sjølve. Det skal takast omsyn til om det er rom for at tenestemottakar sine omgjenvader kan leggjast til rette slik at tenestemottakar kan forventast å meistra dei daglege gjeremåla sjølv. Dersom bustaden er særleg skitten, vert det stilt krav om at det vert føreteke vask av bustaden før bistand vert sett inn. Tenesta kan syta for bistand til at det vert bestilt reinhold om ynskjeleg.
Betaling og praktisk informasjon	Reinhold vert utført på område som er i dagleg bruk og som er tilgjengelege for tenesteutførar. Møblar, inventar og store tepper vert ikkje flytta. Vindauge og anna vask vert ikkje utført av heimetenesta, men dei kan bistå med å setje deg i kontakt med andre aktørar som utfører dette. Det same gjeld for snømåking og hagearbeid. Praktisk bistand vert ikkje utført på heilag dagar og i feriar kan intervalla endrast. Tenesta forventar at tenestemottakar stiller med nødvendig og tilpassa reinhaldsutstyr og støvsugar.

	Tenesteutøvar skal ikkje handtere bankkort eller kontantar for tenestemottakar. Tenestemottakar må vere i heimen når tenesta vert utført, om ikkje anna er avtala. Tenestemottakar må melda frå seinast dagen før dersom tenestemottakar skal reisa vekk. Betaling: Det vert kravd eigenbetaling for praktisk bistand. Eigenandel vert vedteke årleg av Heradsstyret etter <i>Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester</i>. Eigenbetaling for kommunale tjenester i og utenfor institusjon - regjeringen.no
--	--

Heimesjukepleie

Heimesjukepleie vert ytt til tenestemottakarar som treng helsehjelp i heimen. Heimetenestene utfører pleie og omsorg, medisinske oppgåver og tilsyn. Tenesta er individuelt tilpassa og tek utgangspunkt i tenestemottakaren sine egne mål, forutsetningar og evne til å ivareta eigenomsorg.

Tenesta skal leggja til rette for at tenestemottakaren kan bu lengst mogleg i eigen heim og motta den hjelp som trengs der dei bur. Tenestemottakarar vil kunne få bistand, rettleiing og opplæring som gjer at tenestemottakar i størst mogleg grad vert sjølvhjelpen i å meistre grunnleggjande behov knytt til helse og omsorg. Heimetenesta er ei døgnbasert teneste.

Lovheimel helsetenester i heimen	Pasient og brukerrettighetsloven § 2-1 a. Lov om kommunale helse - og omsorgstjenester § 3-1 fyrste ledd, jfr § 3-2 fyrste ledd nr. 6 bokstav a.
Klageheimel	Lov om pasient- og brukerrettigheter §§ 7-2, 7-3, 7-5 og 7-7.
Målgruppe	Tenestemottakarar som på grunn av ein akutt eller kronisk helsetilstand er avhengig av bistand for å få dekkja grunnleggjande helse- og omsorgsbehov og som ikkje sjølv kan oppsøke helsehjelp på grunn av sjukdom eller funksjonsnedsetting. Personar som har behov for førebyggjande tiltak, rehabilitering i form av målretta trening, hjelp til meistring i dagleglivets aktivitetar, råd og rettleiing og pleie i alle livet sine fasar. Tenestemottakarar som har ein kognitiv svikt og difor har vanskar med å formidle og formulere behov knytt til ivaretaking av eigenomsorg og helserelaterte oppgåver.
Kriteria for innvilga søknad	Medisinadministrering: Ved administrering av medikament vil det, der det er mogleg, verte nytta elektronisk medisin dispenser. Tenestemottakar som skal nytte seg av multidose direkte i frå apoteket vil ikkje få bistand til å administrere medikament. Bistand kan omfatte

	å bestille reseptar frå lege, kontakt med apotek, eller administrering av enkeltdoser. Prosedyrar, observasjon og behandling: Sår skal i hovudregelen vere vurdert av lege og fylgjast opp ved legekontor. Sårstell vert utført i heimen i dei tilfella der tenestemottakar ikkje kan koma seg til fastlegekontoret. Dette gjeld også prøvetaking, undersøkingar og injeksjonar. Dersom tenestemottakar skal ha bistand til måling av til dømes blodtrykk og puls kan dette gjerast som eit ledd i behov for observasjon, andre prosedyrar kan vere kateterisering, oppfylging av ernæring og stell av stomi. Tiltaka skal vere fagleg grunngjeve og tidsavgrensa. Digital heimeoppfølging eller medisinsk avstandsoppfølging: Velferdsteknologiske løysingar vert føretrekt dersom mogleg og nytta som alternativ for fysisk oppmøte i tenesteytinga. Omsorg ved livets slutt : Tenesta vil så langt det let seg gjere imøtekoma tenestemottakar ynskje om å dø i eigen heim.
Betaling og praktisk informasjon	Tenesta er gratis. Tenesta kan verte starta opp før det er gjort vedtak dersom behovet for tenesta er akutt. Då vil kartlegginga skje i ettertid. Tenesta er behovsprøvd og vedtaka er tidsavgrensa. Utstyr som skal nyttast som til dømes blodtrykksmålar, vekt osv. Må tenestemottakar skaffe sjølv.

Tidsavgrensa opphald i institusjon

Korttidsopphald i institusjon er eit tidsavgrensa opphald til tenestemottakarar som for ein periode har omfattande behov for helse og omsorgstenester, rehabilitering, utredning, medisinsk oppfølging og/eller vurderingar gjennom døgnobservasjon. Det er forvaltningseininga i tenestekområdet som avgjer kvar det er tenleg at opphaldet vert avvikla ut i frå formål og søkjar sitt behov for fagkompetanse.

Lovheimel	Pasient- og brukerrettighetsloven §2-1 a andre ledd Helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 fyrste ledd nr. 6 bokstav c.
Klageheimel	Pasient- og brukerrettighetsloven § 7-2 mv.

Målgruppe	Utskrivingsklare pasientar frå spesialisthelsetenesta som heradet vurderer har behov for heildøgns tidsavgrensa rehabilitering eller pleie og omsorg. Tenestemottakarar som har behov for kartlegging knytt til tilstand og funksjonsnivå der det er nødvendig med døgnkontinuerleg observasjon, oppfølging og/eller behandling. Tenestemottakarar som treng igangsetjing av rehabiliteringstiltak og tilpassingsbehov i bustaden før heimreise. Tenestemottakarar med behov for lindrande behandling og omsorg.
Kriteria for innvilga søknad	Tenestemottakar har behov for etterbehandling og opptrening etter akutte eller aldersrelaterte funksjonsendringar. Tenestemottakar har behov for medisinsk behandling og pleie ved sjukdom. Tenestemottakar som er i behov av tett og tverrfagleg oppfølging. Tenestemottakar som er i behov av ei vurdering knytt til tilstand og funksjonsnivå med tanke på behandling, tiltak og framtidige omsorgsbehov. Korttidsopphald kan innvilgast som pårørandestøtte for personar som utfører særleg tyngjande omsorgsarbeid for andre, opphaldet vert innvilga som avlastning. Kartlegging av tenestemottakarar med kognitiv svikt skal primært verta gjort på eit lågare nivå og i kjende omgjevnader.
Dag-/ nattoophald i institusjon - dag eller nattoophald i institusjon	Eldre som kvalifiserer til ordinært eller tilrettelagt dagtilbod som har eit omfattande pleie- og omsorgs behov med individuell oppfølging.
Vekselopphald - Korttidsopphald innvilga med fast intervall der tenestemottakar vekslar mellom å vere heime og inne på institusjon.	Tenestemottakarar som har fått innvilga korttidsopphald som vekselopphald skal ha trong for jamleg oppfølging og rehabilitering av funksjonar, kognisjon og/eller ernæring Vekselopphald kan tildelast som pårørandestøtte i form av korttidsopphald i faste intervall eller fleire avtala korttidsopphald fram i tid, med formål om å sikra at personar som utøver særleg tyngjande omsorgsarbeid for nærstående får regelmessig høve til å avvike ferie og kvile.
Betaling og praktisk informasjon	Heradet tek betalt etter forskrift om eigenbetaling for helse og omsorgstenester. Etter 60 døgn har heradet anledning til å rekna vederlag som ved langtidsopphald jfr. Forskrift om vederlag for opphald i institusjon. Dersom korttidsopphaldet er innvilga som pårørandestøtte i form av avlastning er opphaldet gratis.

	Transport til og frå opphaldet må tenestemottakar organisere sjølv. Dersom opphaldet er innvilga som avlasting skal tenestemottakar ikkje betale for transport. Det er ei forventning om at pårørande syter for naudsynt fylgje av pasientar til sjukehus og andre kontrollar.
--	--

Støttekontakt

Støttekontakttenesta vert ytt som individuell støttekontakt, treningskontakt, eller som deltaking i aktivitetsgrupper. Støttekontakttenesta samarbeider med frivillige organisasjonar og lag. Støttekontakttenesta disponerer "inn på tunet- plasser" og driv fritidstilbod til grupper. Støttekontaktkoordinator koordinerer mellom støttekontaktar og tenestemottakarar.

Lovheimel	Pasient og brukerrettighetsloven § 2-1 a. andre ledd Helse og omsorgstjenesteloven § 3-2 fyrste ledd nr.6 bokstav b.
Klageheimel	Pasient- og brukerrettighetsloven § 7-2
Målgruppe	Tenestemottakar som på grunn av funksjonsnedsetting eller sosiale utfordringar treng hjelp til å få ei aktiv fritid eller kome ut av eit isolert tilvære. Tenestemottakarar som ikkje sjølv har mogelegheit til å delta på fritidsaktivitetar utan assistanse.
Kriteria for innvilga søknad	Tenestemottakarar er sosialt isolert og har behov for støtte til å delta i sosiale arenaer. Vurderinga tek utgangspunkt i tenestemottakar sin totale livssituasjon, eigne interesser og målsetjing. Born yngre enn 10 år vil unntaksvis kunna få støttekontakttimar grunna at små born sjeldan deltek på aktivitetar utan fylgje av vaksne. Dersom støttekontaktkoordinator vurderer at tenestemottakar kan nytte seg av eit lågterskeltilbod som aktivitetslos, vil dette verta vurdert før det vert vurdert innvilga støttekontakt. Der det vert forventa at nære familiemedlem dekkjer behova, vert søknaden avslått. Dette gjeld også dersom føremålet med søknaden er transport til fritidsaktivitetar og søkjar kan delta på aktiviteten utan assistanse.
Betaling og praktisk informasjon	Tenesta er gratis. Tenestemottakar må betale for aktivitetane som dei ynskjer å delta på sjølv.

Kommunalt akutt døgntilbod (KAD)

Helse og omsorg har eit Kommunalt akutt døgntilbod (KAD). Hensikta er å unngå innlegging i spesialisthelsetenesta når dette ikkje er nødvendig. KAD- sengene er døgnbemanna med helsepersonell og legeteneste. Tenestetilbodet inngår i heradet si akutte beredskapsteneste.

Lovheimel	Pasient -og brukerrettighetsloven §2-1 andre ledd Helse og omsorgstenesteloven § 3-2 fyrste ledd nr.3 bokstav b. Tenesteavtale mellom Voss herad og spesialisthelsetenesta. (saman.no)
Målgruppe	Pasientar med behov for medisinsk behandling, observasjon og pleie som fylgje av somatisk eller psykisk sjukdom, som ikkje krev spesialisthelsetenesta.
Kriteria for plass på KAD-seng	Det er lege som kan leggje pasientar inn i KAD. Pasienten må vera medisinsk fagleg vurdert av fastlege, legevakslege eller av lege ved akuttmottak i sjukehus etter prosedyre og gjeldande samhandlingsavtale. Tenestemottakar må vere over 18 år. Diagnose og problemstilling som er utgreidd eller avklara før innlegginga der det er vurdert at innlegging i sjukehus ikkje er nødvendig. Innlegginga skal vere kortvarig, 1-3 døgn.
Betaling og praktisk informasjon	Tenesta er gratis. Transport til og frå KAD-sengene er tenestemottakar sitt ansvar å tinge.

Døgnomsoorgsbustadar (HDO-bustad)

Omsorgsbustadane har bemanning til stades eller i nærheita store delar av døgnet og inngår i forskrift om langtids plass i institusjon eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester. Desse bustadane vert kalla heildøgns bu og –tenestetilbod, (HDO bustad). Bustaden skal vera tilrettelagt slik at tenestemottakar kan utføre daglege gjeremål på same måte eller betre enn før. Bustaden skal vere tilpassa for å kunne yte tenester som dekkjer tenestemottakar sine helse- og omsorgsbehov døgnet rundt med bistand frå eigna personell med kort responstid. Tenestene er utmålt og knytt til den enkelte som bur i bustaden.

Lovheimel	Forskrift om tildeling av langtids plass i sjukeheim eller tilsvarende bustad med særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester, Voss kommune, Sogn og Fjordane - Lovdata Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 e
Klageheimel	Pasient- og brukarrettighetsloven § 7-2 m.v.
Målgruppe	Tenestemottakar som har eit varig, omfattande og døgkontinuerleg pleie- og omsorgsbehov som ikkje kan oppfyllest tilstrekkeleg i eigen heime eller anna tilpassa bustad.

	HDO- bustad vert tildelt yngre med alvorleg funksjonsnedsetting som treng omfattande bistand store delar av døgnet for å kunne delta i utdanning , samfunns- og arbeidsliv. Eldre med omfattande helseutfordringar. Tenestemottakarar med kognitiv svikt som har behov for kontinuerleg støtte, hjelp og tilsyn.
Kriteria for innvilga søknad	Tenestemottakarar som er varig ute av stand til å ta vare på seg sjølv, og meistarar ikkje lengre dagleglivet sine gjeremål utan støtte og nærleik til personell grunna psykisk eller fysisk funksjonstap. Tenestemottakar er over 18 år.
Betaling og praktisk informasjon	Tildelinga er ei to-trinns prosess: Tenestemottakar får utmålt helse og omsorgstilbodet gjennom enkeltvedtak og bustad gjennom eige vedtak regulert av husleigekontrakt. Tenestemottakar får tildelt kommunal omsorgsbustad etter kommunale kriterier og etter vurdering i tråd med lov om kommunen sitt ansvar på det bustadsosiale feltet. Tenestemottakar vert fakturert månadleg for husleige og eventuelt kost. Helse og omsorgstenestene er gratis, heradet kan ta betalt for praktisk bistand-heimhjelp etter gjeldande reglar.

Langtidsopphald i institusjon

Eit langtidsopphald er eit tidsubegrensa opphald med oppfylging og tilsyn av helsepersonell gjennom heile døgnet. Tenestemottakar sin helsetilstand og behov for helse og omsorgstenester gjer at det ikkje er sannsynleg at tenestemottakar flyttar heim eller får tilbod om ei lågare grad av helse og omsorgstenester. Langtidsopphalda vert avvikla i institusjonar som er definert som institusjon etter forskrift.

Lovheimel	Pasient og brukerrettighetsloven §§ 2-1 a andre ledd og 2-1 e fyrste ledd Helse og omsorgstenesteloven §§ 3-2, fyrste ledd nr.6 bokstav c og 3-2 a. Forskrift for sykehjem og boform for heildøgns omsorg og pleie. Forskrift 12.november 2010 nr.1426 om en verdig eldreomsorg (verdighetsgarantien) § 3 som trådte i kraft 1. juli 2020 om sambuargaranti.
Klageheimel	Pasient- og brukerrettighetsloven § 7-2
Målgruppe	Langtidsopphald i institusjon vert tilbydd når tenestemottakar er i behov for heildøgns- omsorg som ikkje kan ivaretakast lågare i innsatstrappa.

	Eldre tenestemottakarar som er varig ute av stand til å ta vare på seg sjølv, og meistarar i liten grad dagleglivets gjeremål grunna psykisk eller fysisk funksjonstap
Kriteria for innvilga søknad	Tenestemottakar er vurdert til å vera ute av stand til å ta vare på seg sjølv og ikkje lenger meistra dagleglivet sine gjeremål grunna mental/fysisk funksjonstap. Før vedtak skal andre moglege tiltak vera vurdert eller prøvd. Vurderingar vert gjort gjennom kartlegging av tenestemottakar si evne til eigenomsorg, mental tilstand, nettverk, bustadforhold og endring i helsetilstand, til dømes: - Har behov for omfattande medisinsk behandling som ikkje kan ystast i heimen, grunna somatisk helsesvikt og/eller demensdiagnose. - Har behov for omfattande døgntkontinuerleg pleie og omsorg som ikkje kan verta oppfylt i eigen heim eller anna tilpassa bustad. - Tenestemottakar er i behov av pleie og omsorg ved livets slutt Tenestene vert innvilga for ein lengre periode eller livet ut.
Betaling og praktisk informasjon	For opphald inntil 60 dogn: eigenandel per dag. For opphald over 60 dogn: eigenandel vert rekna ut med bakgrunn i inntekt og personlege økonomiske forhold. Eigenandel vert årleg vedteke av Heradsstyret etter Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester.
Vurderingsliste-tenestemottakarar som etter vurdering og vedtak kan vente i heimen på ledig langtidsplass.	Helse og omsorg er pålagt å føre ei oversikt over tenestemottakarar som etter søknad har fått vedtak om at dei er kvalifisert til langtidsopphald, men som med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av ledig langtidsopphald. Dei vert sett på ei vurderingsliste. Vurderingslista er ikkje eit kø-system, og plass på vurderingslista gjev ikkje fyrsterett til ledig plass. Ved ledig plass skal alle på vurderingslista vurderast av forvaltningskontor, og den med størst hjelpebehov ut frå vurderingsmomenta i <u>§ 4</u> skal prioriterast. Forvaltningskontoret har ansvar for å halde oversikt over personar som er i påvente av ledig langtidsplass, forvaltningseininga i tenesteområdet har ansvar for å vurdere situasjonen og hjelpebehovet kontinuerleg. Dersom det oppstår ein situasjon der det hastar for den enkelte brukar å få eit langtidsopphald, skal det utan opphald verta gjeve tilbod om opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad tilrettelagt for heildøgns tenester.
Ektefelle og sambuargaranti.	I Voss herad skal livspartnaren til tenestemottakarar som fyller vilkåra for langtidsplass få tilbod om å flytte inn på same rom i institusjonen dersom dette er eit ynskje, sjølv om vedkommande ikkje fyller vilkåra for å få tildelt ein langtidsplass. Ektepar eller sambuar skal få moglegheit til å bu saman på institusjon så fremt det er ledig kapasitet. I dei fleste tilfella vert det stilt krav til at ektefelle/sambuar må bu på same rom, slik at det ikkje påverkar tilbodet til pasientar som oppfyller krava om sjukeheimplass.

	Ektefelle/sambuar sine behov for helse- og omsorgstenester må vurderast på vanleg måte. Denne tenesta vert tildelt som eit korttidsopphold for den andre part og tenesta opphøyrer når vilkåret for sambuargaranti ikkje er oppfylt lenger. Betaling: Heradet har anledning til å krevje inn eigenandel for opphald i institusjon heilt opp til sjølvkost. Den aktuelle ektefelle/samboar som ynskjer å flytte inn på sjukeheimen må søkja om korttidsopphold. Korttidsopphold vert innvilga med varigheit så lenge ektefelle eller sambuar med langtidsopphold har behov for langtidsopphold. Det vert kravd eigenandel for ektefelle eller sambuar utan vedtak om langtidsplass etter gjeldande satsar for korttidsopphold.
--	---

Pårørandestøtte

Rettleiing og opplæring

Pårørande som yter pleieoppgåver til nærstående eller andre, kan be heradet om å setja inn tiltak som skal lette omsorgsbyrden. Dei ulike tiltaka som heradet kan sette inn vert kalla pårørandestøtte. Pårørandestøtte kan vere opplæring og rettleiing, avlastningstiltak og omsorgsstønad. Fagpersonar i ulike avdelingar tilbyr ulike formar for lærings- og meistringskurs og individuell rettleiing og opplæring inn mot den enkelte pårørande eller pårørandegruppa.

Lovheimel	Pasient- og brukarrettighetslova § § 2-1 a og 2-8, helse- og omsorgstenesteloven § 3-6.
Klageheimel	Pasient- og brukerrettighetsloven § 7-2 iflg.
Målgruppe	Rettleiing og opplæring kan verta gjeve til pårørande som er omsorgsyttarar og som til dagleg utfører særleg tyngjande omsorgsarbeid. Pårørande som med rettleiing eller opplæring kan verte i stand til å ivareta omsorgsmottakar på ein forsvarleg måte.
Kriteria for innvilga søknad	Omsorgsarbeidet må vera vurdert som naudsynt, det vil sei at tenestemottakar må ha eit hjelpebehov som elles måtte ivaretakast av helse og omsorg. Det skal takast omsyn til evne og vilje til å stå i omsorgssituasjonen over tid, og sosiale forhold som til dømes pårørande sine moglegheiter til å ivareta tilknytning til arbeidslivet. Omsorgsstønad kan tildelast med eit førebyggjande føremål sjølv om omsorgstyngda ikkje vert vurdert som særleg tyngjande.

	Alle tenester som vert tildelt som pårørandestøtte vert vurdert samla, det vil sei at ei teneste kan verte avkorta dersom ein får innvilga ei anna form for pårørandestøtte t.d. omsorgsstønad ved auka avlasting eller andre avlastande tenester.
Betaling og praktisk informasjon	Tenesta er gratis. Dersom førebyggjande formål med tilvising til t.d. friskliv og meistring, kan dette innebære eigenandel.

Omsorgsstønad

Omsorgsstønad er ein form for pårørandestøtte i form av ein økonomisk kompensasjon for dei som ynskjer å utføre særleg tyngjande omsorgsarbeid. Oppgåvene må vere vurdert som nødvendige etter helse og omsorgstenesteloven og ein må utføre særleg tyngjande omsorgsoppgåver som heradet elles måtte ha utført.

Born under 18 år har rett til pleie, stell og omsorg frå sine foreldre, omsorgsstønad til foreldre vert vurdert ut frå dette prinsippet.

Lovheimel	Lov om kommunale helse og omsorgstjenester § 3-6, nr. 3 jf. Pasient og brukerrettighetsloven § 2-8. Heradet pliktar å syte for denne tenesta, det vil sei at heradet må løyva midlar i budsjettet til omsorgsstønad. Lovverket gjev likevel ikkje nokon rettskrav på tenesta.
Klageheimel	Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2 m.v.
Målgruppe	Omsorgsstønad er eit støttetiltak for pårørande som har eit særleg tyngjande omsorgsarbeid Omsorgsstønad gjev ei økonomisk anerkjenning for det omsorgsarbeidet den private omsorgsyteren ynskjer å utføre, og kan gjevast i kombinasjon med eller i staden for andre helse- og omsorgstenester.
Kriteria for innvilga søknad	Omsorgsmottakar har behov for helse- og omsorgstjenester. Omsorgsyter/søkjar må ha tilstrekkeleg kapasitet og arbeidsevne til å ivareta omsorgsoppgåvene og omsorgsmottakar må ynskja at søkjar skal stå for bistanden. Omsorgsstønad skal erstatte nødvendige helse- og omsorgstenester og omsorgssøkjar må ha eit særleg tyngjande omsorgsarbeid over tid, der ein mellom anna vektlegg: • Omsorgssituasjonen må verta vurdert som betydeleg meir fysisk og psykisk belastande enn det som er å vente. • Omsorgsarbeidet skjer på natt eller gjev avbrot i nattesøvn. • Omsorgsarbeidet fører til sosial isolasjon og mangel på fritid.

	• Om ein arbeider mange timar per månad med omsorgsarbeid knytt til omsorgsmottakar. Omfanget og varigheita vert fastsett av avdeling helse- og omsorg. Omsorgsstønaden vert vurdert saman med andre tenester med same formål. Det skal vera søkt om hjelpestønad frå Nav. Hjelpestønad og omsorgsstønad vert vurdert som ei samla pårørandestøtte og vil ikkje kunne utgjere meir enn 100 %. Hjelpestønad kan verte trekt i frå summen for innvilga omsorgsstønad. Stønaden vert ytt dersom det vert vurdert av heradet og omsorgsmottakar at ordninga er til det beste for omsorgsmottakar og pårørande/nærstående.
Betaling og praktisk informasjon	<u>Opphøyr av omsorgsstønad:</u> Omsorgsstønad stoppar dersom omsorgsmottakar ikkje har behov for tenesta. Oppdragstakar pliktar å gje melding til oppdragsgjevar (Voss herad) om forhold der omsorgsmottakar sitt behov endrar seg kortvarig eller langvarig t.d. ved innlegging i institusjon, feriereiser. <u>Plikt for søkjar og omsorgsgjevar:</u> Setja seg inn i oppdragskontrakt. Mottakar og gjevar pliktar å varsle forvaltningseininga dersom det skjer endringar i bistandsbehovet.

Avlasting i og utanfor institusjon

Avlastande tenester er for pårørande og andre omsorgspersonar som utfører særleg tyngjande omsorgsoppgåver for å redusera omsorgsbelasting, gje moglegheit for ferie, deltaking i samfunnsaktivitetar og tid til å pleia familierelasjonar og sosialt nettverk.

Avlasting kan gjevast på timebasis eller døgn både i og utanfor heimen.

- I eigen heim
- På institusjon
- På dagsenter o.l.
- I avlastningsbustad
- I privat avlastning
- Praktisk bistand kan gjevast som avlastande tiltak

Lovheimel	Pasient- og brukarrettighetsloven § 2-8, helse- og omsorgstjenesteloven § 3-6, første ledd nr. 2.
Klageheimel	Pasient- og brukerrettighetsloven § 7-2
Målgruppe	Avlasting skal gjevast som tilbod til dei som yter særleg tyngjande omsorgsarbeid over tid.

Kriteria for innvilga søknad	Det er berre oppgåver som vert rekna som naudsynte helse- og omsorgstenester som inngår i vurdering om du kan få avlastning. Det vert vurdert om omsorgsarbeidet er særleg fysisk eller psykisk belastande. Om omsorgsarbeidet er på natta eller gjev avbrot i nattesøvnen. Tal timar per månad med omsorgsarbeid. Tenestemottakar som har behov for omsorg må ha eit omfattande og varig omsorgsbehov som i hovudsak vert teke hand om av omsorgsytar, vera heimebuande eller midlertidig opphalda seg i heradet. Omsorgsbehovet kan vera av fysisk, psykisk eller sosial karakter og det må medføra større behov for hjelp enn det som normalt er forventa i forhold til alder. Omsorgsarbeidet fører til sosial isolasjon eller mangel på ferie og fritid. Det vert vurdert om søkjar har omsorgsplikt. Behovet for avlastning vert sett ut i frå ei heilheitleg vurdering av familiens situasjon og det totale tenestetilbodet. Dersom barnet ikkje nyttar seg av andre kommunale tenester som kan virka avlastande for familien, t.d barnehage , SFO og utvida SFO, kan det settast krav om at desse tilboda skal nyttast før behovet for avlastning vert vurdert. Avlastning som erstattar barnehage, SFO eller andre liknande tilbod, vert vurdert i dei tilfella der det føreligg særskild årsak og når dette vert vurdert som det beste for barnet.
Betaling og praktisk informasjon	Tenesta er gratis. Alle tenester som vert tildelt som pårørandestøtte vert vurdert samla, dette kan føre til avkorting av t.d. omsorgsstønad ved auke i avlastning eller andre avlastande tenester. Mottakar av tenesta må varsle forvaltninga dersom det skjer endringar i bistandsbehovet. I vurderinga kan det vurderast at ein tilbyr andre tenester som kan vere meir føremålstenlege. Dersom avlastningstilbodet ikkje vert nytta eller behovet vert endra, kan vedtaket vert vurdert på nytt. Det vil då verta sendt eit førehandsvarsel i tråd reglar om sakshandsaming (jf. Fvl § 16). Dersom ein får tilbod om andre ordningar kan tidlegare tildelt avlastningstilbod falla vekk, etter ei ny vurdering av behov for pårørandestøtte.

Individuell plan

Individuell plan er eit samhandlingsverktøy mellom tenestemottakar og tenesteytarar. Planen skal tydeleggjera ansvarsfordelinga mellom tenestemottakar sjølv, pårørande, ein koordinator og dei ulike samarbeidande tenestene. Arbeidet med planen skal bidra til styrka brukarmedverknad, sikre ei systematisk oppfylgjing og samarbeid mellom partane.

Lovheimel	Helse- og omsorgstenesteloven § 7-1, pasient- og brukerrettighetsloven § 2-5, forskrift om habilitering, rehabilitering og individuell plan og koordinator. Ein kan også få individuell plan etter barnevernloven og sosialtjenesteloven, Nav-lova.
Klageheimel	Pasient- og brukerrettighetsloven § 7-2.
Målgruppe	Tenestemottakar som har behov for langvarige og samansette tenester frå heradet sine helse- og omsorgstenester, eller frå spesialisthelsetenesta.
Kriteria for innvilga søknad	Det må føreliggje eit reelt koordineringsbehov. Det er eit krav at det er fleire enn to tenester som skal samordnast. Helse og omsorg viser til helsedirektoratet og «kompetansebroen».
Betaling og praktisk informasjon	Tenesta er gratis. Overordna ansvar for arbeidet med Individuell plan ligg hjå Koordinerande eining. Alle velferdssektorane har plikt til å samarbeide om Individuell plan. Koordinator vil vera ein av tenesteytarane, med hovudansvar for å fylgje opp samarbeidet mellom partane.

Barnebustad

Barnebustad er eit permanent bu- og tenestetilbod for barn. Tilsette i barnebustaden ivaretek omsorga for barnet på vegne av føresette, medan føresette framleis har foreldreansvar. Voss herad syter for ei tydeleg ansvarsavklaring. Barnebustadane er lokalisert på avlastningsinstitusjonen for barn, Villa Gjerdebu.

Lovheimel	Helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 fyrste ledd nr. 6 bokstav c Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) - Lovdata Forskrift om kommunal helse- og omsorgsinstitusjon - Lovdata Forskrift for sykehjem og boform for heldøgns omsorg og pleie - Lovdata
Klageheimel	Pasient- og brukarrettighetslova §§ 7-2, 7-3 m.v.
Målgruppe	Barn og unge med stort behov for helse- og omsorgstjenester. Dette omfattar barn med store

	funksjonsnedsettingar og / eller somatisk sjukdom som krev ekstra omsorg og pleie. Familiar eller andre omsorgspersonar kan søkja om å la barnet bu i ein barnebustad eller avlastningsbustad i perioder. Barn med nedsett funksjonsevne har rett til særleg omsorg. Den hjelpa som vert gitt, skal innrettas slik at barn med nedsett funksjonsevne får eit fullverdig og godt liv. Barnet, foreldra eller andre omsorgspersonar skal få den hjelpa som er rimelig ut i frå barnet sin tilstand. I praksis skil heradet mellom omgrepa barnebustad og avlastningsbustad. Barnebustad vert brukt når det er behov for at barnet bur fast i ein bustad utanfor heimen på permanent grunnlag. Barnebustad er eit bu- og tenestetilbod til born som har omfattande omsorgs- eller oppfølgingsbehov. Avlastningsbustad vert nytta dersom barnet bur fast med foreldra eller andre nære omsorgspersonar, men flyttar inn i bustaden når foreldra har trong for avlastning.
Kriteria for innvilga søknad	Barn som har alvorlege funksjonsnedsettingar eller som av andre grunnar har eit omfattande helse og omsorgs oppfølgingsbehov og difor har behov for å bu fast utanfor foreldreheimen. Foreldre og omsorgspersonar som har særleg tyngjande omsorgsoppgåver, har rett til avlastning.
Betaling og praktisk informasjon	Føresette betalar ikkje for opphald i barnebustad. Barn/ungdom som har ei inntekt betalar eigenandel vedteke årleg av Heradsstyret etter Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester.

Koordinator

Koordinatoren bidreg til samordning av tenestetilbod, innkalling til ansvarsgruppemøter og held framdrift i arbeidet med individuell plan. Koordinator vert oppnemnt av koordinerande eining, tenestemottakar kan kome med ynskje til kven som skal vere koordinator.

Lovheimel	Helse- og omsorgstjenesteloven § 7-2, pasient- og brukerrettighetsloven § 2-5 b.
Klageheimel	Pasient- og brukerrettighetsloven § 7-2 Forvaltningsloven § 28 og fylgjande.
Målgruppe	Tenestemottakar som har behov for langvarige og samansette tenester frå heradet sine helse- og omsorgstenester, eller frå spesialisthelsetenesta.
Kriteria for innvilga søknad	Tenestemottakar har behov for langvarige og koordinerte tenester, må ha eit behov for bistand til koordineringa av fleire tenester.

Betaling og praktisk informasjon	Tenesta er gratis. Voss herad organiserer koordinatorordninga slik at det er tilsette ute i tenestene som får koordinatoroppdraget. Koordinerande eining har ansvar for ordninga på systemnivå. Ein kan nyttas seg av koordinator utan å ynskje individuell plan.
---	---

Barnekoordinator

Barnekoordinator samlar og koordinerer dei ulike tenestene for barnet og familien. Meldingar om behov for barnekoordinator vert handsama av koordinerande eining som arbeider på tvers av kommunalavdelingane helse - og omsorg og oppvekst.

Lovheimel	Helse- og omsorgstjenesteloven § 7- 2a Pasient- og brukerrettighetsloven § 2- 5 c Rett til barnekoordinator.
Klageheimel	Pasient- og brukerrettighetsloven § 7-2 m.v.
Målgruppe	Familiar som ventar eller har barn under 18 år som har alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne.
Kriteria for innvilga søknad	Foreldra må ynskje å ha tenesta barnekoordinator. For barnet og familien skal det vera behov for langvarige samansette eller koordinerte helse og omsorgstenester, eller andre velferdstenester. Det skal vera velferdstenester ut over ordinært skuletilbod og ut over ordinær oppfylgning frå helsestasjon eller skulehelsetenesta.
Betaling og praktisk informasjon	Tenesta er gratis. Voss herad organiserer koordinatorordninga ved at tilsette ute i tenestene som får koordinatoroppdraget. Barnekoordinator skil seg frå koordinator ved at målgruppa har eit meir omfattande bistandsbehov. Barnekoordinatoren har helsefagleg bakgrunn. For den som får oppnemnt barnekoordinator vil det vera nødvendig at velferdstenestene også tilpassar innhaldet i si teneste til andre tenester frå heradet.

Rettsleg forankring

Helse- og omsorgstenesta er underlagt ei rekke lovar og forskrifter, dei mest sentrale er nemnt:

- > **Helse- og omsorgstjenesteloven:** gjev kommunen plikt til å yte forsvarlege helse- og omsorgstenester.
- > **Pasient- og brukerrettighetsloven:** gjev pasient og brukarar rettigheter til helse- og omsorgstenester, samt rett til brukarmedverknad.

- > **Helsepersonelloven:** loven omhandler verksemd, pliktar og rettigheter for helsepersonell og verksemdar som yter helsehjelp.
- > **Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven):** lovens navn er dekkjande for innhaldet.
- > **Folkehelseloven:** formålet med lova er å bidra med samfunnsutvikling som fremjar folkehelsa.
- > **Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker:** regulerer sakshandsaming og vedtak fatta av det offentlege der særlovgivinga tillèt dette.
- > **Offentlegloven:** leggje til rette for at offentleg verksemd er open og gjennomsiiktig, for slik å styrkje informasjons- og ytringsfridommen, den demokratiske deltakinga, rettstryggleiken for den enkelte, sikre tilliten til det offentlege og kontrollen frå ålmenta.
- > **Menneskerettighetsloven:** sikre grunnleggjande rettigheter som tilkjem kvart menneske.
- > **Barnekonvensjonen, Europeiske menneskerettighetskonvensjonen (EMK), ØSK (konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettigheter, konvensjonen om sivile og politiske rettigheter (SP), konvensjonen om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne (CRPD).** FN konvensjoner om menneskerettigheter som Norge har tilslutta seg til. Samt EMK som blei vedtatt av Europarådet i 1950 i kraft i Norge er 1953.
- > **Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene for tjenesteyting etter lov av 19. november 1982 nr. 66 om helsetjenesten i kommunene og etter lov av 13. desember 1991 nr. 81 om sosiale tjenester m.v.**
- > **Forskrift om en verdig eldreomsorg (verdighetsgarantien).**

MANDAT

Konkrete mål for å oppdatere og evaluere tildelingskriteria:

Tildelingskriteria skal vera kjent for innbyggjarane.

Utvikla ei felles forståing for kommunalavdelinga sine mål og ressursutnytting.

Innbyggjarane skal oppleve seg trygge på at dei får nødvendige helse- og omsorgstenester til rett tid ut i frå behova dei har.

Gje god informasjon om dei ulike helse- og omsorgstenestene i Voss herad.

Syne korleis heradet tildeler dei ulike tenestene i omsorgstrappa til innbyggjarane.

Skape ei felles forståing for nivået på tenesteytinga med bakgrunn i myndigheitskrav, faglege og juridiske vurderingar og politiske prioriteringar.

Leverer samorganiserte tenester.

REVISJON

Dei rettleiande tildelingskriteria skal reviderast annakvart år, eller dersom det skjer store endringar som krev revisjon. Forvaltningskontoret leiar revisjonsarbeidet og sikrar medverknad i frå tilsette, brukarar og kommunalråd, før endeleg handsaming i heradsstyret.